

VEDTEKTER FOR SONGLAGET STORDABUEN

Stifta år 1935

Seinast vedteke på årsmøte 19. februar 2025

§ 1. FØREMÅL MED KORET

Songlaget Stordabuen er eit blandakor som ved å øva og framføra god korsong har som mål å spreia glede og gje gode musikalske opplevingar til både songarar og publikum. Koret skal også gje medlemmane eit godt sosialt fellesskap.

Dette vert søkt nådd gjennom t.d.:

- a) god leiing
- b) planlegging,- kortsiktig og langsiktig
- c) økonomisk kontroll
- d) skulering av songarar og dirigent
- e) konsertar og andre oppdrag
- f) PR-verksemd
- g) kontakt med relevante lag og organisasjonar
- h) medlemskap i Norges Korforbund

§ 2. MEDLEMAR

1. Aktive medlemar

Alle med interesse for korsong, kan takast opp som medlem. Minstealder for opptak er 16 år. Styret i samråd med dirigent avgjer medlemskapet grunna på saklege forhold.

2. Passive medlemar

Medlemar som er i permisjon, er passive medlemar. På årsmøte har passive medlemar talerett, men ikkje stemmerett.

§ 3. MEDLEMANE SINE PLIKTER

Som aktiv medlem pliktar ein å:

- a) fylgja koret sine vedtekter
- b) arbeida for å nå koret sine mål
- c) retta seg etter dei avgjerder som vert tekne
- d) møta på alle øvingar, og elles på seminar, konsertar og andre arrangement der koret tek del
- e) melda fråvær om ein vert hindra frå å møta. Fråvær skal meldast i tråd med gjeldande rutine bestemt og formidla til medlemmane av styret. Meldt fråvær er gyldig fråvær. Medlemar med eit langvarig fråvær, evt. høgt ugyldig fråvær (meir enn 30%), bør vurderer søknad om permisjon, eller gå ut av koret.
- f) betala medlemskontingent innan fastsett tid
- g) arbeida for eit godt miljø der songglede og samhald er i fokus

- h) retta seg etter dirigenten under øvingar, på konsertar o.l.

§ 4. PERMISJON OG UTMELDING

Søknad om permisjon skal sendast skriftleg til styreleiar. Permisjon kan innvilgast for maks 1 år (to semester på rad).

Utmelding skal skje skriftleg til styreleiar. Ein pliktar å betala kontingent t.o.m. det semesteret utmeldinga skjer.

§ 5. KONTINGENT

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet, og skal betalast kvart halvår innan 15. februar og 15. september. Passive medlemar betaler 1/3 kontingent.

§ 6. SUSPENSJON/EKSKLUSJON

- a) Styret kan med minst 2/3 fleirtal suspendera ein medlem.
- b) Før vedtak vert fatta, skal medlemen få skriftleg advarsel med grunngjeving, og få høve til å uttala seg
- c) Medlemen kan anka vedtaket inn for ekstraordinært årsmøte eller første ordinære årsmøte. Styret kan påleggja medlemen permisjon i mellomtida.
- d) Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal gjera endeleg vedtak om eksklusjon.

§ 7. ÅRSMØTE

Årsmøtet er Songlaget Stordabuen si øvste myndigheit.

Årsmøtet og ekstraordinært årsmøte er vedtaksført når minst halvparten av dei aktive medlemane er til stades.

Koret sitt driftsår er frå 1. januar til 31. desember.

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 20. februar, og skal kunngjerast for alle medlemane minst 6 veker på førehand.

Saker til årsmøtet må vera styret i hende seinast 2 veker før årsmøtet, framlegg om vedtektsendring seinast 4 veker før (ref. § 14)

Sakliste og relevante dokument skal gjerast tilgjengeleg for medlemane seinast 1 veke før årsmøtet.

§ 7.1. Avvikling av årsmøtet

- a) Velja møteleiar
- b) Velja referent/møtesekretær
- c) Godkjenna innkalling
- d) Godkjenna sakliste
- e) Velja 2 medlemar til å signera årsmøteprotokoll
- f) Årsmelding
- g) Årsrekneskap mot budsjett
- h) Framlegg til aktivitetsplan og budsjett for neste driftsår
- i) Fastsetja kontingent

j) Innkomne forslag

k) Val:

- Leiar (1 år)
- Nestleiar (2 år)
- Skrivar (2 år)
- Kasserar (2 år)
- Styremedlem (2 år)
- 2 varamedlemar (1 år) i nummerorden
- Revisor (2 år). Éin på val kvart år.
- 4 medlemmar til musikkutval (1 år)
- Leiar og 2 medlemmar til valkomité (1 år)

§ 7.2. Stemmerett/røysting

Aktive medlemmar som har betalt kontingent for gjeldande år, har stemmerett på årsmøtet.

Alle saker vert avgjorde med simpelt fleirtal (minst halvparten av dei røysteføre), unnateke §6 (Suspensjon/Eksklusjon), §13 (Oppløysing) og §14 (Vedtektsendring).

Ved likt stemmetal tel leiaren si stemme dobbelt, utanom val der resultatet vert avgjort ved loddtrekning.

Styremedlemar har stemmerett i alle saker unnateke årsrekneskap og årsmelding. Dirigenten kan delta på årsmøtet, men har berre tale- og forslagsrett.

§ 7.3. Ekstraordinært årsmøte

Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte når styret eller minst 1/3 av medlemmane krev det. Innkalling med sakspapir skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane seinast 14 dagar før møtet.

§ 8 STYRET

Styret vert valt av årsmøtet, og skal leia koret i perioden mellom årsmøta. Dette skal gjerast etter gjeldande vedtekter, retningslinjer og vedtak fatta av årsmøtet.

Styret har ansvar for drift av koret, økonomi og planlegging. Styret er ansvarleg for å tilsetja dirigent og evt engasjera andre. Styret skal leggja til rette for opplæring i form av deltaking på kurs, seminar o.l. for songarar, dirigent og tillitsvalgte.

Styret vel sjølv sine representantar til musikkutval, arrangementskomité o.l.

Styrerepresentant skal delta på møter, og vera bindeledd mellom utval/komité og styret, men bør vera friteken praktisk arbeid i utval/komité.

Styret held møte så ofte som leiaren finn det naudsynt, eller når minst 2 av styremedlemmane krev det. Når leiar er hindra eller delegerer sin leiarfunksjon, går nestleiar inn i rolla som fungerande leiar. Styret er vedtaksført når leiar og minst 2 andre av styret sine medlemmar er til stades. Ved likt stemmetal tel leiar si stemme dobbelt.

Styret er ansvarleg for innkalling og nødvendig saksførebuing til årsmøtet.

Varamedlemar har møteplikt og tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Styret har mandat til å avgjera om ein medlem ikkje lenger kan ta del i koraktivitetar.

§ 9. MUSIKKUTVAL

Musikkutvalet er samansett av dirigent, representant frå styret og 4 medlemar valt av årsmøtet (éin frå kvar stemmegruppe)

Dirigenten har det overordna musikkfaglege ansvaret for koret, og er leiar for musikkutvalet.

Musikkutvalet er rådgjevande organ for dirigenten i musikkfaglege spørsmål, og skal elles formidla medlemmane sine ynskje om musikalske valg.

Med utgangspunkt i styret sine godkjente planar, skal musikkutvalet drøfta repertoar og øvrig innhald for framføring, og kan koma med innspel til koret sin aktivitetsplan.

Utvalet skal samankallast av styrerepresentant etter behov, men bør ha minst to møter i året.

§ 10. VALKOMITÉ

Valkomitéen er samansett av 1 leiar og 2 medlemar valde av årsmøtet. Komitéen vel sjølv skrivar, og arbeider etter instruks vedteken på årsmøtet.

§ 11. REVISJON

Revisor kan til ei kvar tid krevja innsyn i rekneskap. Revisjonsmelding skal gjerast tilgjengeleg som del av sakspapira til årsmøtet.

§ 12. JUBILEUMSGÅVE OG HEIDERSUTMERKING

Etter 20 år som medlem i Songlaget Stordabuen, og vidare etter kvart tiårs medlemsskap, vil ein få ei jubileumsgåve som utmerking.

Songlaget Stordabuen kan gje heidersutmerking til personar som gjennom mange år har gjort ein stor og spesiell innsats for koret. Medlemmane kan gjera framlegg om kandidatar. Styret fattar det endelege vedtaket om heidersutmerking.

§ 13. OPPLØYSING AV KORET

Oppløysing av koret må vedtakast av ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte. Forslaget må ha minst 2/3 fleirtal.

På same vis skal det takast stilling til kven som tar vare på koret sine midlar og egedelar, og kva desse skal nyttast til om det ikkje er starta nytt kor med same namn innan 3 år. Midlane kan berre gå til kulturelle føremål innan Stord kommune.

§ 14. ENDRING AV VEDTEKTER

Koret sine vedtekter kan berre endrast av ordinært årsmøte og med 2/3 fleirtal. Endringsframlegg må vera styret i hende seinast 4 veker før årsmøtet.